



DEN NORSKE KYRKJA

Møre biskop

Det kongelige justis- og beredskapsdepartement
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

Dato: 05.09.2013

Vår ref: 12/767-8 TJO

Dykkar ref: 12/8109-DHA

Høringsvar frå Møre bispedøme om forslag til endringar i utlendingsloven og utlendingsforskrifta - gjennomføring av Dublin-forordningen i norsk rett


Viser til utsende høyringsnotat av 12.07.2013.

Møre biskop og Møre bispedømmeråd ved stiftsdirektør, har fylgjande merkander:

1. Vi støttar at ein går over til å nytte nemninga «en som søker om internasjonal beskyttelse» i staden for nemninga asylsøkar om dei personane forskrifta skal gjelde – og at ein dermed også inkluderer dei som treng subsidiær beskyttelse i tillegg til flyktningar.
2. Vi meiner det er svært positivt at forskrifta i større grad gjev mindreårige eit vern og ein tryggleik mot å bli ei brikke i eit politisk spel, ved at ein understrekar at det er barna sitt beste som skal vere avgjerande for vurdering av opphold etter dei nye reglane. Vi kunne tenke oss at formuleringa «grunnleggende hensyn» kunne forsterkast ytterligare ved at ein heller brukte nemning «avgjørende betydning». At «barnets beste» blir definert er også veldig positivt, og like eins at «barnets sosiale utvikling» er teke med i kriteria, saman med «sikkerhet, trygghet og den mindreåriges egne synspunkt».
3. Vi støttar den nye regelen om at personar ikkje skal tilbakesendast til stadar der ein er redd for at vedkomande vil oppleve «inhuman eller nedverdiggende behandling» i samsvar med EU's charter artikkel 4. Det er svært viktig at denne regelen nettopp vert knytta til EU-charteret for at «inhuman eller nedverdiggende behandling» kan defineres nærmere.
4. Reglane som definerer fristar for «overtakelse» og «tilbaketakelse» - samt reglane for kven som skal dekke kostander er viktige rammer, for å sikre rask og human handsaming av desse sakene.

Med helsing


Ingeborg Midttømme
Biskop i Møre


Tore Johan Øvstebø
Rådgjevar diakoni og samfunnsspørsmål